

NYE RO- OG SEGLBÅTAR FOR SAL

Hardangerbåten

I bygginga av desse båtane har me som hovudmål å fanga inn byggjeteknikk og materialbruk frå dei gamle båtane i fjorden. Desse båtane har trekk som forsvann framover på 1900-talet.

Me har teke utgangspunkt i oppmalte småbåtar frå indre Hardanger. Båtane vert såleis bygde med hogde halsar, kan på stammen og jarnsaum med firkantro. Dei heilvaksne banda, betane og rengene av furu er festa med trenaglar. Siet me nyttar er laga med ei blanding av kuhår og saueull.

For år 2019 gjeld følgjande prisar ekskl. mva. for hardangerbåt:

	<i>Skrogferdig (ubehandla)</i>	<i>Sjøklar (ferdig tjørebreidd)</i>
Færing	112 000,-	128 000,-
Seksæring	160 000,-	180 000,-
Åttæring	270 000,-	290 000,-
Tiæring	400 000,-	424 000,-

Alle prisar er ekskl. mva levert Norheimsund. Med båtane følgjer fullt sett årer, tiljer, tofter og ausekar. Tradisjonell rigg vert levert etter avtale. Me byggjer óg båtar etter kunden sine egne spesifikasjonar. Kontakt oss for nærare informasjon. Med atterhald om prisauke og feil.

Vi tilbyr óg andre båttypar, kurs, demonstrasjon og formidling av båtbyggjarhandverket.

Kontakt båtbyggjar Peter Helland-Hansen for tilbod:

Mobil 480 62 449 / e-post peter.helland.hansen@hvm.museum.no